

ISFLAKET

Polarmagasin frå Ishavsmuseet. Nr. 3– 2013 15. årgang kr. 60,-



Leiar:

Du har no fått i hende Isflaket nr. 3 for året 2013. Vi håpar og trur at vi også denne gongen har fått i stand eit blad med variert og god polarhistorie.

Isflaket jubilerer dette året då det er inne i sin 15. årgang. Ein liten milepål for eit polarmagasin som starta heilt i det små.

Underteikna og Johannes Alme, som sat i styret i venneforeininga, hadde ved fleire høve drøymt om og gi ut eige blad gjennom Ishavsmuseets Venneforeining som var nyskipa i oktober 1998. Bladet skulle vere eit meldingsblad for venneforeininga, nyt i fra Ishavsmuseet, og det skulle formidle ishavshistorie.

Etter at dette hadde blitt diskutert nokre gonger, la Johannes ideen fram for grunnleggar og leiar i Ishavsmuseets Venneforeining, Bjarne Brandal. Som vanleg var han klar for nye gode prosjekt. «Kan ikke dere lage et slikt blad da»?!

Johannes vart utpeika som redaktør, fekk med Lars Brandal og underteikna, og ein gjekk straks i gang med å lage blad. Vennebladet, som namnet vart i starten. Metoden var «klipp og lim», og første utgåve som kom i april 1999 var på 4 sider.

Alt etter første året hadde bladet auka i sider og mange fatta interesse for å motta bladet. Til første utgåva i år 2000 hadde bladet skifta namn til ISFLAKET. Det var lite polart over namnet «vennebladet» og ein av våre trufaste hjelparar meinte også tittelen kunne forvekslast med eit homofilt medlemsblad....

Bladet har sidan vakse i omfang. I dag er opplaget på 800 med medlemmar i fem ulike land, og gjev ut om lag 250 sider i året.

For ein liten organisasjon er det naturlegvis krevjande å gje ut eit blad 4 ganger i året med såpass mange sider. Men Isflaket har i alle år hatt mange gode vener som har bidrøge med spanande og gode artiklar. Utan alle desse hadde det vore uråd å makte denne formidlinga av polarhistorie i så stort omfang. Vi veit at det

Ishavsmuseets Venner

VENNEBLADET

Organ for Ishavsmuseets Venner. Nr. 1/99.

Kjære museumsvenn.

Først vil vi takke deg fordi du gjennom ditt medlemskap støtter vårt arbeid. Det betyr mykje for oss.

Vi er glad for på denne måten å kunne informere deg om noko av det som skjer. Dette medlemsbladet reknar vi med vil kome ut minst ein gong i kvartalet. Ishavsmuseet vil sjølv gi informasjon om arrangementer og tilstelninger av ymse slag.

Det er spalteplass for ytringar og forslag.

VEDTEKTER § 1 ØREMÅL.

«Foreninga Ishavsmuseets Venner har som hovedformål - å støtte arbeidet til Ishavsmuseet i Brandal. Dette skal skje gjennom økonomisk tilskot, ved dugnadsarbeid, tilstelningar og anna tiltak som er til nytte for museumsvirksomheten. - Foreninga tek og ønsker om ishavs- og fangstvernsiden i foredrag, antikvitet og polare strok. - Foreninga, dessutan fokusere på museumsarbeid, kulturvern, praksing, og utvikling og mellom anna prøve å legge forholds til rette for studieverksamhet, for til demes hovedfagstudenter.»

VENNEFORENINGA - ER NOKO ARBEID GJØRT ALLEREIDE ?
-Venneforeininga har skaffa over 200 stabestolar til Museet. Det var kjærkoment og nyttig.

Yervning av nye medlemmer:
Kjenner du nokon som ønsker å bli medlem i Venneforeininga ?
Eller nokon som du trur kunne ha interesse ? Send vedkommende sitt namn og adresse og vi skal ta kontakt.

KVIFOR VENNEFORENING ?
Dei fleste idealistiske organisasjoner har eit støtteapparat kring seg. Etterkvart som Ishavsmuseet vokste og fekk ei fastare form såg Henrik Landmark kor nauðsynlig det var med å ha eit støtteapparat - eit apparat som utvida kontaktfelta og som slo ring rundt arbeidsgruppa som la fram forslag kom til at Ishavsmuseet trøng både eit støtteapparat og ei venneforeining. På skjipsmøte 10. oktober 1998 ble navnet :
ISHAVSMUSEETS VENNER
Postboks 20, 6062 Brandal fastsett.

MEDLEMSKAP.KONTINGENT.
Alle som er interessert i og ønsker å støtte arbeidet til Ishavsmuseet er velkomne som medlemmer. Det er tre medlemsformer:
-Personleg medlemskap
-Familieemedlemskap
-Bedrifts-,lags- eller institusjons-medlemskap.
Medlemskontingent:
Enkeltmedlem kr 100,- Bedrift kr 500,-
Familie kr 200,-

Valgt styre som fungerer fram til årsmøte våren år 2000:
Bjarne J Brandal Leder(T: 700 25340)
Lars Brandal Nestleder(T: 700 93765)
Arnlinn Karlsen (T: 700 84262)
Johannes Alme (T: 700 14185)
Liv Skarbakk (T 700 93100)
Hilde Landmark Kasserer (T:700 92540)
Ottar M Brandal (T:700 92290)
Valkomite:
Nils N Pilskog
Ola Pilskog
Kjerun Veiseth

Framsida på Vennebladet. Nr. 1 – 1. årgang, 1999

sit mange der ute som har mykje spanande og fortelje.

Eit av måla med Isflaket har vore å nytte skribentar frå ulike plassar, og frå ulike miljø. Vi oppfordrar fleire til å gripe pennan fatt å skrive ned sine historier. Isflaket tek gjerne i mot historier frå fleire som kan formidlast til våre 800 lesarar.

I denne utgåva har Asbjørn Skotte forfatta ein artikkel om Victoriaøya i Barentshavet og om då ishavsskuta «Brattvaag» fann André-ekspedisjonen. Eit funn som vart verdskjent på kort tid.

Johan Petter Runne Brandal har teke fram pennan og fortel om ein tur til Stredet med «Signalhorn» i 1960. Dette skulle vise seg å verte siste turen til dette fangstfeltet.

I spalten «frå arkivet» har vi henta fram ein artikkel om «Polarbjørn», gromskuta blant

selfangerne, eit intervju med skipper Henrik Marø frå 1947.

Frå Stig Tore Lunde har vi fått med ein artikkel om «Endurance» og om skipsbyggjar Johan Chr. Jacobsen.

I spalta «frå arkivet» får vi vite meir om «Fryser I» sitt forlis i 1934.

I nytt frå Ishavsmuseet kan du lese om korleis sommaren har vore på Ishavsmuseet, og andre nyhende frå museet.

Adolf Brandal si dagbok frå overvintrings-ekspedisjonen i 1908 er kome til del tre.

Helge Ødegård mimrar om kefirmjølk, og Ivar Olsen fortel om korleis det var å besøkje Ishavsmuseet i sommar.

Magnus Olai Eidsvoll fortel om korleis det gjekk til når båten «Jøkul» forliste på veg inn frå sildfelftet.

God lesnad!

Brandal 20. september 2013

Webjørn Landmark – redaktør.

ISFLAKET

Polarmagasin utgitt av Ishavsmuseet og Ishavsmuseets Venner.

Adresse: Ishavsmuseet, Brandalsvegen 28, 6062 Brandal

Tlf. resepsjon 700 92 004 Tlf. kontor
700 92 900, mob 95 11 76 44

Redaksjon: Webjørn Landmark, redaktør
webjorn@ishavsmuseet.no og Sven-Aslak
Veiseth.

Opplag 800. Årskontingent / abonnement kr.
250,- fritt tilsendt. Bedrifter kr. 500,-

www.ishavsmuseet.no

www.ishavsvener.net

www.facebook.no/aarvak

Forsidefoto: Havsel i Vesterisen 2013. Foto:
Espen Brandal.

ISSN 1891-9480

Innhald

Victoriaøya	Side 4
Tur til Danskestredet	Side 13
Frå arkivet, Polarbjørn	side 20
«Endurance»	Side 26
Frå samlingane, «Fryser I»	Side 31
Nytt frå Ishavsmuseet	side 37
Dagbok Adolf Brandal	side 43
Kefirmjølk	side 55
Oslo Sjømansforening	side 57
Siste reis med «Jøkul»	side 58

Med bombelast til Grønland.

På hausten i 1941 er «Polarbjørn» på veg frå Boston til Grønland lasta med bomber. Skipper er Kristoffer Marø. Utanfor Nova Scotia får dei storstorm. Bombene viser seg å vere dårleg sikra, ja faktisk så er dei oppstuva med kassene som innehold tenningsmekanismene. Og tenningsmekanismer er ikkje av det beste materiell til å stuve av bomber med i høg sjø! Kassene er i dårleg forfatning, går sund, og bombene tek til å røyve på seg. Marø legg skuta mot sjøen og kommanderer folk i romet med plank for å støtte av. Men karane er naturleg nok bekymra for å gå ned, og ingen vil melde seg til oppdraget. Marø set i å le, før han skrik ut i stormen; Klarer vi ikkje å få sikra lasten så bles oss til himmels! Og flyg oss til himmels så skal eg love at eg som står på brua kjem høgare enn dokker som er i romet!



Victoriaøya i Barentshavet - Annektert av sunnmøringer i 1930

Av Asbjørn Skotte

Den 8. august 1930 vart Victoriaøya aust i Barentshavet annektert av mannskapet på sunnmørsskuta M/S «Bratvaag». Øya vart annektert på vegne av og i namnet til reiaren av skuta Harald M. Leite i Ålesund. Det vart sett opp eit særleg annekjonsskilt. Sjølve annekasjonen vart meldt til Utanriksdepartementet (UD), og ført inn i protokollen for okkupasjon av herrelaust land.

I tida som fylgte vart det ein lang og særsmåttende diplomatisk aktivitet for å avklare statusen til dette landnåmet. Men i denne saka, som i mange andre tilsvarende norske landnåmsaker, viste det seg at landets politiske styresmakter var særsmått svak i å hevde landets rettmessige krav. Den folkerettslege statusen til øya er i dag uklar. UD skriv rett nok at øya er å betrakte som russisk. Men dette er ikkje juridisk eller folkerettsleg haldbart argumentasjonsmateriale.

Oppdaginga av øya

Victoriaøya vart oppdaga av norske fangstfolk i 1898. Den 20. juli dette året sigla to fangstskuter frå Tromsø med skipperane Johs. Nilsen og L. Ebelansen til rors. Dagen etter sigla den norske dampgaleasen «Victoria» med skipper P. W. Nilssen forbi, og øya fekk namn etter denne.

Men alt før denne tid må det seiast at øya var «oppdaga», og at vi har sikre kjelder for dette. Truleg alt i 1865 var øya kjend av norske fangstskuter i Nordishavet. I mange hundre år har det vore ekspedisjonar av ymse slag til dette området i Nordishavet. Den eldste skriftlege kjelda vi kjenner til er frå den islandske Flataøyarbok, der det kort og godt står (oversett) «Svalbard funne» i 1134. I 1596 (gjen)oppdaga den nederlandske sjøfararen Wilhelm Barents Svalbard. Han fekk æra av å få namnet sitt på dette havområdet - Barentshavet.

Vi kjenner til at det var minst 165 norske ekspedisjonar til Nordishavet for både fiske, fangst og vitenskapelige undersøkingar i perioden 1865 til 1930. På denne måten hevda Noreg sterkt sine interesser i dette området i heile denne tidsperioden.



Utsikt frå Victoriaøya mot NNW. Foto: Gunnar Horn, via Asbjørn Skotte.

Beliggenhet

Victoriaøya ligg omlag midtveis mellom Kvitøya, som er Svalbards austlegaste øy og Kapp Harnswort på Frans Josefs Land aust i Barentshavet. Øya ligg på 80 grader og 5 minutt nordleg bredde og 36 grader austleg lengde. Øya er omlag 10 km lang (aust-vest) og breidda er omlag 7 km på det breiaste. Flatevidda er omlag 40 kvadratkilometer. Avstanden til Kvitøya er omlag 80 km og til Frans Josefs Land er det omlag 100 km. Øya ligg på den same naturlege undersjøiske sokkelen som Svalbard. Den er praktisk talt heilt dekka med evig is - heile året, og såleis er den særsmått utilgjengeleg.

Kun på vestsida er det eit is- og snøfritt område, og eit nes som det går an å gå i land ved. Farvatnet rundt øya er grunt, også langt utover, slik at ofte så vil store isfjell «strande» i dette området. Dette gjer at området i tillegg er farefullt for skipstrafikken. Det var på dette neset at mannskapet på M/S «Bratvaag» steig i land då dei annekterte øya i 1930. Utanom fangstkrinsar ser det ut som om øya var lite kjend.

Svalbard og Svalbardtraktaten



Ved anneksjonsskiltet 8. august 1930. Skipper Eliassen (tv) og Hanssen (th). Foto: Gunnar Horn, via Asbjørn Skotte.

Etter den første verdskrig var slutt var det slik at sigerherrane i krigen leita etter ei noko fastare ordning for Svalbard. Som til den tid hadde status som nærmast ingenmannsland – «terra nullis».

Til då var det slik at det var den sterkeste sin rett som var gjeldande. Under fangstinga av særleg kval og kvalross var det eit kappløp og ein sterk strid om kven som kunne fangste. Bestandane vart på denne måten sterkt overbeskatta.

I 1899 tok skipper Søren Zakariassen frå Tromsø med nokre hundre hektoliter kol frå eit dagbrot ved det som i dag heiter Longyearbyen, oppkalla etter amerikanaren John M. Longyear, som eigentleg grunnla denne busettinga på Svalbard.

Longyearbyen ligg ved enden av Adventfjorden. Det vart no også eit kappløp om denne naturressursen - kol. Særleg amerikanske og engelske interesser investerte store summar i kol-utvinninga. Eit nytt

«Klondyke» var eit faktum. På denne tida var det ikkje noko land eller stat som hadde overherredøme med øygruppa, og verksemda på Svalbard vart prega av dette.

Ved fredsslutninga etter den første verdskrig var det semje om at Svalbard skulle «tilfalle» Noreg. Men dog med sterke begrensningar. Svalbardtraktaten vart underteikna den 9. februar 1920.

Noreg overtok suvereniteten over øygruppa formelt den 14. august 1925.

Dette vart markert med flaggheising på Skjæringa i Longyearbyen. Til no er det 41 land/statar som har slutta seg til Svalbardtraktaten.

Ved dei nye landdelingane den siste tida er det sannsynleg at det vil koma til fleire signatarstatar. I Svalbardtraktatens artikkel 1 er Svalbardøygruppa (Svalbardkassen) definert som «alle øer mellom 10 og 35 grader østlig lengde og 74 og 81 grader nordlig bredde.» Det



Ishavsskuta «Brattvåg». Foto: Ishavsmuseets arkiv.

er alt nemnt at Victoriaøya ligg på 36 grader austleg lengde. Altså like aust for austgrensa for Svalbardtraktaten.

At Victoriaøya fall utanfor definisjonen av Svalbardøygruppa kjem sannsynlegvis av at øya var relativt lite kjend, utanfor fangstmiljøa, som tidlegare nemnt.

Særleg at dei norske sendemennene til fredskonferansen var lite oppdaterte om dei geografiske tilhøva i Nordishavet, på dette tidspunktet, og at dei arbeidde under tidspress. Altså er dette forklaringa på at Victoriaøya ikkje allereie på dette tidspunktet vart omfatta av Svalbardtraktaten, og såleis innlemma under Svalbard.

Fangst i Nordishavet

Utover på 1920-talet var det mange norske skuter på fangsting i Nordishavet, som på den tid var rikt med ymse bestandar, særleg av sel, isbjørn og kvalross.

Fangstinga strekte seg heilt aust i Kvitesjøen. I fangstdagbøkene frå skutene som fangsta rundt Victoriaøya vert det meldt om store fangstar.

I 1928 var Ålesundskutene «Gungnir» med skipper D.M. Tokle og «Bratvaag» med skipper Peder Eliassen på fangst der, og like aust til Frans Josefs Land. Noreg var nærmast det einaste landet som sendte skuter dit og dreiv næringsfangst på denne tida. Også fleire

leiteekspedisjonar etter stranda oppdagings-ekspedisjonar vart sendt til dette området. Særleg kjend er leiteekspedisjonen etter luftskipet «Italia» i 1928. I august 1928 var skuta M/S «Hobby» med Hjalmar Riiser-Larsen som skipper, og den russiske isbrytaren «Sedov» med kaptein Voronin, ved Victoriaøya på leiting etter «Italia».

Bakgrunnen for Noregs anneksjon av Victoriaøya

I 1928 tok Adolf Hoel, dåverande leiar for Noregs Svalbards og Ishavundersøkelser, forkorta NSIU, til orde for at Noreg måtte foreta ein folkerettsleg anneksjon av Victoriaøya. NSIU var forløparen til dagens Norsk Polarinstittutt.

I artikkelforfattarens arbeid med å fram skaffe bakgrunnsstoffet for denne artikkelen, var det i utgangspunktet særstakt vanskeleg å få tilgang til saksmappe om Victoriaøya m.m. får UDs arkiv. Dei var stempla «fortruleg», sjølv idag over 60 år sidan saka var på det meste brennbare. Men etter mykje påtrykk kom dokumenta på bordet.

I eit notat, stempla «Strengt fortrolig», datert 14. juni 1929, og endå til underteikna av dåverande statsminister Johan L. Mowinckel blir det - i strid med tilrådinga frå faginstansen - tilkjennegjeve at Noreg ikkje burde annekttere Victoriaøya på ein folkerettsleg måte. I eit referat frå ein regjeringskonferanse i 1931 vert dette grunngjeve med at Stortinget hadde stroke løyvinga til den ekspedisjonen som skulle annekttere øya, samt at det vart synt til frykt for at Russland ville straffe Noreg for dette, ved handelsrestriksjonar og på andre måtar.

Sjølv om statsminister Mowinckel og resten av regjeringa var imot anneksjonen av Victoriaøya, så vart det i 1930 inngått avtale mellom NSIU og reiaren av M/S «Bratvaag» Harald M. Leite i Ålesund om at det skulle takast med nokre vitkapsmenn til Frans Josefs Land. Skuta skulle fangste isbjørn og kvalross.



Ishavsskuta «Gungnir». Foto fra Steinar Johannessen.

Kontrakta er datert 8. juli 1930, og det går fram at reiaren mottok kr 7.000,oo for å ta med vitskapsmennene.

Skuta M/S «Bratvaag»

Skuta vart bygd av E. Stenødegaard i Vestnes i 1919. Det var ei treskute, bygd for fart i Ishavet. Lengda var 87 fot og motoren var ein Bolinder 120 hk. Skuta gjorde 7-8 knops fart. Eigarar i 1919 var Fugleberg & Tøsse (reiar) og Ole Skjelten, Iver Skjelten og Bernt Hildre. Peder Eliassen frå Ålesund var skipper. I 1925 tok Harald M. Leite over som reiar. Utanom fangst og fiske vart skuta utleigd til ekspedisjonar.

Skuta vart verdskjend etter at mannskapet, under ekspedisjonen til Frans Josefs Land i 1930, fann etterlevingane etter den svenske havarerte Andree-ekspedisjonen med «Ørnen» til Nordpolen. Andree-ekspedisjonen hadde då

vore sakna i 33 år. Funnet vart gjort på Kvitøya.

I 1932 vart skuta sold til Bjørn Øvrelid i Hjørungavåg, og vart omdøypt til «Kviting». I 1933 gjekk den ned i Danskestredet.



«Kviting» ex «Brattvaag». Foto: Ishavsmuseets arkiv.

Ekspedisjonen i 1930

Med på ekspedisjonen til Frans Josefs Land, i 1930, som gjekk ut frå Ålesund om ettermiddagen den 26. juli 1930 var følgjande; skipper Peder Eliassen, Ålesund, skyttarane Sevrin Skjelten, Brattvåg og Ole S. Myklebust, Vartdal, maskinist Nils Lange, Lepsøy, maskinassistent Bjarne Ekernesvaag, Borgund, stuert Hans Laabak, Ulstein, fangstmennene Karl Tusvik, Lars Tusvik, begge Tusvik, Leif Nedregotten, Borgund, Magnar Festø, Ålesund, Syver Alvestad, Hildre, Johan Almestad, Hareid, Sigurd Myklebust, Vartdal og Olav Salen, Nørve.

Han vart seinare utnemnd til svensk riddar, etter han fann etterlevingane etter Linclree-ekspedisjonen, og var truleg ein av dei yngste riddarane i heile verda på det tidspunktet.

Følgjande vitskapsmenn frå NSIU var med; Gunnar Horn, geolog og vitskapeleg leiar, Olaf Hanssen, botanikar og Adolf Sørensen, zoolog.

Sjølve ekspedisjonen - annexjonen av Victoriaøya

Skuta la ut frå Ålesund om ettermiddagen den 26. juli 1930. Den passerte Tromsø den 30. juli, og var framme ved Kvitøya den 6. august der dei fann Andree-etterlevingane.

Grunnen til at reiseruta kan beskrivast særslig nøyaktig for denne ekspedisjonen er nok at vitskapsmennene førde ei særleg nøyaktig dagbok.

Skuta kom tilbake til Tromsø alt den 2. september 1930, grunna at dei førde med seg etterlatenskapane etter Andree-funnet.

På kaia i Tromsø måtte mannskapet og skuta få politi-beskytting grunna det store mediaoppstyret rundt Andree-funnet. Svenskane utstyrte på kort varsel ein ny ekspedisjon til Kvitøya for å leite etter ytterlegare funn frå Andree-ekspedisjonen. I løpet av hausten i 1930 utkom boka «Med Ørnen mot polen» som vart omsett til heile 11 språk.

I Sverige er det idag eit særleg Andree-museum.



Kopi av ballongen til André på Grenna museum. Foto: Beate Holstad

Den 8. august gjekk mannskapet på M/S «Bratvaag» på land på Victoriaøya, på det vestlegaste neset mot NNV (nordnordvest). Nokre av dei gjekk også opp på toppen av øya, omlag 110 m.o.h. Etter dette gjekk skuta lenger aust mot Frans Josefs Land, og var tilbake i Tromsø den 2. september.

Sevrin Skjelten i Brattvåg fortel på ein levande måte om denne ekspedisjonen, som han tok del i. Fangsten var god på denne turen. Særleg kvalross og isbjørn, og han fortel at dei hadde 4 levande isbjørnningar med tilbake, som seinare vart sold til ein dyrepark i Tyskland.

Ved sjølve anneksjonen av Victoriaøya vart det sett opp eit anneksjonsskilt, ved ei hytte som vart bygd på staden. På sjølve skiltet stod det å lese:

«Victoriaøya har jeg idag annektert for Harald M. Leite Ålesund, Norway. Anneksjonen omfatter hele øen. 8. august 1930 Peder Eliassen - skipper, L. Tusvik, S. Alvestad».



Skipsvimpelen til «Brattvaag» heng i dag i taket på Grenna museum i Sverige. Foto: Beate Holstad.



Annekjonsskiltet på Victoriaøya. Foto: Gunnar Horn via Asbjørn Skotte.

Likeså var det eit skilt med tilsvarende engels tekst.

Sjølve anneksjonsdokumentet vart lagt inn i ei flaske og til dekka med steinar.

Etterfølgjande anmelding av kravet

Reiar Harald M. Leite anmeldte dette landnåmet av Victoriaøya til Utanriksdepartementet. Dette skjedde ved brev til UD den 13. desember 1930. Vedlagt brevet var det ei nøyaktig oppteikning av kva som var gjort. I brev frå UD til Leite datert den 31. desember 1930 stadfestar UD at dei har motteke dokumenta, og at landnåmet er førd inn i protokollen for norske landokkupasjoner.

Politisk status for nordområda

Den politiske statusen for nordområda var den gong, som i dag ikkje heilt avklara. Norske styresmakter har gjennom alle år vore unnvikande med henhold til delina i Barentshavet, austover mot Russland.

Noreg proklamert 1 sjømil, som tilsvasar 4 nautiske mil som territorialgrense ved cancelli promemoria alt den 25. februar 1812.

Dette er også territorialgrensa no i 1993. Noreg inngjekk grensetraktat for fastlandet ned Russland den 2. mai 1826. I 1921 proklamerte

Russland 12 nautiske mil som territorialgrense (også dagens grense).

Svalbardtraktaten vart underteikna 9. februar 1920, og Russland underteikna denne den 7. mai 1935.

Men i realiteten godkjende Russland Noregs suverenitet over Svalbard alt i 1924.

Ved eit dekret av 15. april 1924 proklamerte Russland sektorprinsippet. Frå neset ved Vaida Guba (pa nordspissen av Fiskarhalvøya ca 50 km aust for Kirkenes) og til Nordpolen etter sektoren som går ved 32-04-35 austleg lengde. (Altså så

langt vest som godt inne i området for Svalbardkassen).

Noreg vart notifisert om dette dekretet den 6. mai 1926.

Noreg protesterte på dette sektorkravet ved note den 19. desember 1928.

Slik står saka den dag i dag.

Ved Russisk dekret av 10. november 1929 vart administrasjonen av Victoriaøya lagt under russisk herredømme. Noreg vart først notifisert om dette ved note i 1933. Frå omlag 1920 til 1944 så hadde Noreg og Russland ikkje felles landegrønse. Idet Finland okkuperte Petsamo-området (Petsjenga).

Det Russiske sektorkravet tok hensyn til dette, slik at ved dette tidspunktet er det ein Finsk korridor på omlag 50 km mellom det russiske sektorkravet, og Noregs grense.

Men etter siste verdskrigen så vart Petsamoområdet ført tilbake til Russland, utan at Russland seinare har endra sitt sektorkrav.

Annekjonen av Victoriaøya må også sjåast i samanheng men andre anneksjonar av herrelaust land.

Noreg okkuperte Aust-Grønland (Eirik Raude Land) i 1930 og 1932. Okkupasjonen var godkjend av Regjeringa og Hallvard Devold utførte sjølve okkupasjonen og flaggheisinga. Dom fall ved Haagdomstolen den 5. april 1933, og Noreg tapte landet.

I «Aalesunds Avis» den 15. september 1932 står det å lese at «Victoriaøya okkupert av Sovjet».

Denne saken vakte stor medieinteresse i heile den vestlige verda. Utan at det kan påvisast reaksjonar frå Noreg på denne konkrete hendinga.

Etterfølgjande diplomati

Etter at reiar Harald M Leite anmeldte sitt landnåmkrov om Victoriaøya vart det eit etterfølgjande hektisk diplomati mellom Russland og Noreg, med utveksling av notar og brevveksling.

I brev av 31. desember 1932 forespør Leite UD om Russland har protestert på hans anneksjon av øya.

Den 6. januar 1933 gjev UD Leite melding om at Russland er notifisert om hans anneksjon. I brevet er det ikkje opplysningar om at Russland aktivt har protestert på anneksjonen. Den 30. januar 1933 mottok Leite eit brev via UD, frå den norske legasjonen i Moskva, om at dei frå rår Leite om å foreta seg noko som helst vidare i saka.

I sjølve dokumentet star dette ikkje ordrett. Men ved ei rimeleg tolking av diplomatisk språkbruk, så er det underforstått at dette er ein form for trussel mot Leite. Etter dette er det sannsynleg at Leite ikkje gjorde noko vidare i saka.

UD sender informasjon om saka til utanrikskomiteen i Stortinget den 7. april 1933. Det er truleg at saka etter dette vart drøfta i denne komiteen, men det finst ikkje tilgjengelege skriftlege referat/notat om dette. Oversendingsdokumentet frå UD til komiteen er det siste dokumentet i UDs saksmappe om Victoriaøya.

Dagens situasjon

Reiar Leite sin anneksjon av Victoriaøya den 8. august 1930 står framleis ved lag, både folkerettsleg og privatrettslig, særleg sterkt står den sistnemnde. Saka om delelina i Barentshavet mellom Noreg og no Republikken Russland står framleis uløyst.

Dåverande havrettsminister Jens Evensen sin innsats for Noreg under deleline forhandlingane i Barentshavet mot slutten av 70-talet står til særdeles klar strykarakter. Aust i Barentshavet finst det enorme olje- og særleg gassfelt. Kanskje dei rikaste gasselta i heile verda.

Noreg hevdar at midtline-prinsippet må gjelda i Barentshavet, og Russland hevdar sektorprinsippet.

Områda det er strid om er svært store. Men eit er kva for prinsipp som skal leggast til grunn ved sjølve delinga, der dei omtvista områda overlappar kvarandre.

Kort sammendrag når det gjelder Victoriaøya.

1898. To skuter fra Tromsø seiler, forbi Viktoriaøya. Navnsettes av den siste av disse - m/s «Viktoria» av Tromsø.

1920. Av ukjente grunner, - sannsynligvis ren kommunikasjonssvikt - blir østgrensen for, Svalbard («Svalbard-boksen») trukket i Versailles midt mellom Kvitøya og Victoriaøya. Victoriaøya som ligger på Svalbard-sokkelen, er kun ca. 25 km øst for (utenfor) grensen for Svalbard, slik denne er beskrevet i Svalbard-traktaten.

1926. USSR kommer med sitt såkalte sektordekret, som sier at alle land og øyer som ligger øst for 35 grader, øst, skal være russiske. Her skal særskilt bemerkas:

a. Norge og USSR grenset ikke til hverandre. USSR tok utgangspunkt i den finsk/sovjetiske grense, og det kan med tyngde hevdes at Victoriaøya må ligge i finsk - og ikke i sovjetisk - sektor.

b. Dekretet om sektorlinjen går, ikke på kontinentsokkelen, men på øyer/land innenfor linjen, jfr. Fleischer: -Petroleumslrett s. 94.

1928. I desember, 1928 gir den norske regjering offisiell beskjed til USSR's myndigheter om at vi ikke aksepterer sektorlinje-kravet; uttrykkelig sagt vedr. Frans Josefs Land og følgelig heller ikke for den vestenfor, liggende Victoriaøya.

1929. Spørsmålet om formell okkupasjon blir, tatt opp internt av norske myndigheter, som omfatter Fiskeridirektøren, departementet for, handel, sjøfart, industri, håndverk og fiskeri samt Utenriksdepartementet.

1929. I et strengt fortrolig notat fra 14. juni 1929, undertegnet av statsminister Johan Ludvig Mowinckel, blir, der - i strid med inn stilling fra underordnet faginstans - tilkjennegitt det standpunkt at Norge ikke tør/vil gå til en folkerettlig anneksjon av Victoriaøya. Dette blir i eftertid (regjeringskonferanse i juli 1931) forsøkt begrunnet med at

1. Stortinget hadde strøket bevilgningen til Statens ekspedisjon til Frans Josefs Land (som bl.a. skulle ha annektert Victoria)
2. frykt for at USSR ville svare med å si opp handelstraktaten og dermed også den såkalte «selfangstkonvensjonen», slik at vi sa, let «ville tape mer enn vi vinder, hensett også til, at vi ikke overfor Sovjet kan fremvinge noen internasjonal avgjørelse».

1929. I vedkommende strengt fortrolige notat av 14. juni ga imidlertid statsminister Mowinckel - på den norske regjerings vegne - klarsignal for at «øya okkuperes Privatrettlig til eiendom».

Det ble imidlertid strengt understreket at der ikke måtte delta noen «folk i Statens tjeneste» ved en slik privatrettlig okkupasjon. Videre ble der i statsministerens notat gitt visse praktisk råd; bl.a. at der om mulig burde oppføres en enkel overvintringshytte, og at en skriftlig erklæring om okkupasjon burde deponeres i denne hytten.

1930. Regjeringens fortrolige tilbakemelding var blitt gitt til Norges Svalbard- og Ishavundersøkelser og dosent Adolf Hoel, som var initiativtagerne til dette utspillet. NSIU gjorde avtale med reder Karl Leite i Ålesund om en ekspedisjon sommeren 1930, som skjedde ut fra kombinert næringsmessige, vitenskapelige og politiske motiver.



Skipper Peder Eliassen ved ein haug med grus på Victoriaøya. Foto: Gunnar Horn, via Asbjørn Skotte.

Materiale for oppføring av flere overvintringshytter ble tatt med i m/s «Bratvaag» av Ålesund.

To dager etter Andrøfunnet på Kvitøya ble hytte og okkupasjonsskilt satt opp på Victoriaøya. Okkupasjonen skjedde den 8. august 1930 - og ble, etter regjeringens «direktiv», formelt gjort i navn av reder Leite i Ålesund.

1930. Formell, skriftlig notifikasjon til Utenriksdepartementet ble gitt av reder Harald M. Leite den 13. desember, 1930. Det siteres: «Anneksjonen omfatter, hele øen og hensikten med den er, å skaffe et støttepunkt for, hvalross- og selfangst i dette farvann».

I brev av 31.12.30 bekrefter UD overfor reder Leite at «anmeldelsen er innført i departementets protokoll over anmeldt okkupasjoner».

1931. Det ser ut som om saken har vært oppe i Stortinget - sannsynligvis i lukket møte - der, regjeringen ga uttrykk for at man var redd for en konflikt med Sovjet, og at der ikke fantes noen mulighet for, å tvinge igjennom en forhandlingsløsning med vår store nabo.

1931. En eller flere av mannskapet fra «Bratvaag» var tilbake og i land på Victoriaøya. Den oppsatte overvintringshytten vår i vesentlig grad revet ned.

1932. I september (10.9.32) løper der inn telegram fra den norske legasjon i Moskva, som siterer fra dagens utgave av Isvestija: «... underveis kartla vi Victoriaøya helt omkring gikk i land og heiste sovjetflagget på øya».

1932. Straks derefter - 12.9.32 - telegraferer UD til vår legasjon i Moskva og meddeler at der i desember 1930 er anmeldt okkupasjons krav på Victoriaøya fra reder Leite i Ålesund.

1932. Ut over i september 1932 forårsaket dette en bred presseomtale - i Norge, Danmark, Tyskland, Sveits og Sverige.

I Aftenposten 15.9.32 uttaler byråsjef Maseng i UD at «russerne underrettet om at øen er norsk», samt at «fra russisk hold foreligger forøvrig hittil ikke nogen offisiell meddelelse om russernes okkupasjon, hverken til vår legasjon i Moskva eller til Utenriksdepartementet».

Dansk presse (Dagens Nyheder) uttaler 15.9.32 at «Norge har tilslidet sine andre Ishavsinteresser for Østgrønlands Skyld».

1932. I november, 1932 sender Norge en offisiell note til USSR, som ikke har kommet med noen formell notifikasjon eller underretning om formell okkupasjon i september 1932.

Norge uttaler at der «er foretatt privat okkupasjon av hele øya samt at den norske regering går ut fra at der uansett suverenitetsspørsmålet ikke ved den omhandlede «Knipovitch» -ekspedisjonens forføininger eller ved senere tiltak i forbindelse med øya skjer, noget til skade for, det privatrettslige krav som er oppstått ved ovennevnte okkupasjon».

Den norske legasjon i Moskva har ingen bemerkninger til at en slik note sendes, men tilføyer at man må være forberedt på at «Utenrikskommisariatet vil svare at Sovjetsamveldet ved deklarringen av sektorprinsippet i 1926 har vunnet suverenitet over bl.a. Victoria-Øya, og at den derfor ikke kan anerkjenne senere, opståtte private rettigheter».

Noten utfordiges (på fransk) av legasjonen i Moskva og godkjennes offisielt av utenriksministeren 9. desember 1932.

1933. Svarnote sendes fra Folkekommisariatet for Utenrikske Saker, dat 29. januar 1933, der, man vedrørende Victoriaøya - under henvisning til Sovjetsamveldet Centraleksekutivkomites forordning av 15. april 1926 - hevder, at «nevnte øy inngår i Sovjetsamvelde territorium».

Noten avsluttes med en formal-juridisk oppfordring til «borger Eliassen» om at han har adgang til å forsøke «å bringe i formell orden noensomhelst materielle interesser som han etter sin mening har på Victoriaøya ...».

1933. I forbindelse med oversendelse av dette svaret ga legasjonen i Moskva den 30. januar, 1933 uttrykk for at man, såvel under henvisning til den påberopte sovjetrussiske lovgivning som «fordi en henvendelse til myndighetene i Severnyi Krai kan opfattes som en godkjennelse fra norsk side av dekretet av 15. april 1926, bør den norske okkupant neppe tilrådes å foreta skritt som antydet i kommissariats note».

I tillegg til dette anbefalte legasjonen at norske myndigheter, skulle besvare den formelle sovjetiske note med en henvisning til, den norske note av 19. desember 1928 der vi uttrykkelig ga uttrykk for, at vi ikke godkjente USSR's sektor-krev, og at vi fastholdt alle våre historiske fangstrettigheter på og rundt Frans Josefs Land.

Legasjonens forslag ble fulgt opp, og en verbalnote, dat. 28.2.33 ble overlevert i Moskva der det klart ble uttalt at Norge ikke aksepterte krevet om sektorlinje.

1933. Saksdokumentene i UD avsluttes med at utenriksministeren den 7. april 1933 oversender til formannen i Stortingets utenriks- og konstitusjonskomite en oversettelse av en sovjetisk bekjentgjøre-, av 27.3.33, som - noe pompøst - uttaler at «presidentskapet for RSFSR's Centraleksekutivkomite, etter innstilling fra folkekommisærrens råd for

RSFSR, har besluttet at den av Centraleksekutivkomiten og Folkekommisærrådet for RSFSR den 10. november 1929 utferdigede forordning angående administrasjonen av øyene i Nordishavet også skal gjelde Viktoriaøya ...».

Norske myndigheter ble ikke tilstillet teksten fra USSR's myndigheter, men fant bekjentgjørelsen i Isvestija.

Efter april 1933 finnes der ikke mer materiale om Viktoriaøya i UD's mapper/arkiver.

(Artikkelen er skreven 28.2.93.)

VESTLANDS HUS
- endelig hjemme

Byggeplaner?

Vi tilpasser boligen til ditt behov

Hos VestlandsHus kan du velge mellom 43 hustyper - fra ultra moderne til de praktfulle. Finner du ikke noe for din smak, så skreddersyr vi boligen til dine ønsker. Bestill GRATIS huskatalog på vår nettside eller ta direkte kontakt med nærmeste forhandler for mer informasjon.

Din lokale forhandler:
VESTLANDSHUS ULSTEINVIK
www.vestlandshus.no
Tlf: 70 01 20 33

Bestill katalog


Tur til Danskestredet 1960

Av Johan Petter Runne Brandal

Det var en kombinert tur på selfangst og håkjerringsfiske vi skulle på til Stredet i 1960.

Jeg skulle i grunnen være med «Fangstmand» til Danskestredet dette året, men jeg ble overtalt til å være med «Signalhorn».

Det var i grunnen rettferdig siden jeg hadde vært med «Polarhav» fra samme rederi på selfangst ved Newfoundland. Datoen for avgang kan jeg ikke lenger huske, men vi startet å gjøre klart først i juni. Vi gikk først til Hjørungavåg og tok om bord spekkankene som manglet, så gikk vi ut i fjorden for å gjøre dem rene før vi gikk til Brandal og tok om bord det øvrige utstyret.



«Signalhorn». Foto: Ishavsmuseets arkiv.

Dette var på en mandag, og vi lå over på Brandal og fortsatte arbeidet utover tirsdagen. Det neste som stod for tur var bunkring og proviantering. Vi gikk nå til Ålesund for bunkring og proviantering, og fikk også om bord noe utstyr her. I lag med oss lå det også flere skuter som utrustet for Danskestredet.

Det verste jeg måtte være med på denne turen var nok da jeg vart satt til rors da vi skulle ut for å korrigere kompassen. Jeg sto der i noe som virket som en evighet og ropte gradene vi



Klargjering. «Aarvak», «Polaric», «Brandal» og «Signalhorn» til kai på Brandal. Foto fra Arnljot Rolandsen.

lå på til den og den kursen. Faktisk viste det seg å være bare to og en halv time vi holdt på med dette.

Vi gikk tilbake til Brandal fredag ut på dagen og startet å ta om bord resten av utstyret. Dette ble ferdig fredag kveld, men vi kunne naturligvis ikke gå ut på en fredag. Lørdag fikk vi også fri, men søndag kveld gikk vi ut fra Brandal i stille fint vær. Slikt vær hadde vi faktisk hele veien til Island, så det ble en fin overseiling.

På Island stoppet vi for å fiske ved Grimsøyane. Dette var vist helt vanlig. Her var det virkelig et godt fiske. Vi dro opp av havet nesten det vi ville av torsk og hyse, og vi hadde nå både ferskfisk, saltfisk og klippfisk for resten av turen. Noe vart også hengt opp til tørrfisk.



Vi stoppet for å fiske.

Da vi kom frem til Kapp Nord var det tykk tåke. Ja, faktisk noe av det verste jeg har vært med på når det gjelder tåke. Helt stille og tykk tykk tåke. Dette vedvarte til vi var kommet et stykke inn i isen. Men den var så lav at vi fikk ta en observasjon så vi viste hvor vi var på kloden.

Vi bauget oss videre et stykke inn i isen før vi møtte enormt mye stor og tung is så skipperen og skytterne var enige om at det var like godt å slå stopp. Vi så jo ingen ting likevel i den tykke tåken.

Det ble gjort klart til fangst når vi lå stille slik. Utstyret ble hentet frem fra rommet. Jolleveieren vart hengt opp i bommen, og fangstbåtene gjort klare og svinget ut. Motorene vart starta og prøvekjørt så alt skulle være klart til fangst når tåken lettet.

Mens vi holdt på med dette hadde skipperen snakket med «Fangstmand» som lå like i nærheten av oss. De hadde kommet inn i isen nesten et døgn etter oss. De hadde sett et ekko på radaren, men siden vi lå helt stille var de ikke helt sikre på om vi var en skute eller en storis, men han antok at det måtte være «Signalhorn».

Hvor lenge vi lå der i tåken kan jeg ikke si nå etter alle disse årene, men flere dager var det. En dag kom det så en god bris så tåken lettet og ble borte noen timer. Da skal jeg si det ble liv om bord!

Skipperen, Bjarte, sprang i tønna og maskinisten var klar i maskinen. Så var det og starte å bauge og lete etter klappmus. Vi fikk noen få dyr, både gris og klappmus, som vi plukket under denne baugingen. Det gikk ikke så veldig mange timene før han Bjarte hadde funnet en ganske stor samling av dyr. Det ble nå en stor spenning blant oss fangstfolkene. Det var bare to av oss som hadde vært på fangst før, vi var jo bare en flokk med guttunger.

Fangstbåten ble låret, tre mann i hver båt, og vi skulle følge etter skuta på passe avstand til de hadde fått skutt noen hold med klappmus. Skytterne sto på baugen av skuten.

Når skytterne hadde fått skutt ned første holdet skulle vi som kom etter i fangstbåten dra dyra om bord til oss. Men dette gikk ikke helt etter planen, for da vi skulle klare oss på egenhånd gjorde vi ikke annet enn å kjøre oss faste på isføtter og det vart hver sin gang med



Båtfangst i Stredet. Foto: Bjørn Berland.

fangstbåtene til å slepe hverandre av disse isføttene. Det gikk litt bedre da vi fikk noen dyr ned i båten.

Fangstbåten som jeg var om bord i hadde fått om bord en del dyr da vi kom i god sig mot et stort flak. Det skulle vise seg å være litt for god sig. Båten møtte iskanten med litt for stor kraft og fikk seg en god dask i den ene siden. Vi så sjøen fosse inn, så her var det bare å gå mot skuta i full fart. Det var slakk is der skuta hadde gått, så det gikk greit å komme på siden så vi fikk dyrene om bord i skuten og båten i davidene. Men det var absolutt på tide. Vi hadde ikke klart å holde den noen lunde fri for vann stort lenger.

Båten ble reparert, men vart ikke brukt mer på denne turen.

Vi fangstet det meste av natten. Vi som hadde vært i fangstbåten som det gikk hull i, var nå om bord i skuten og jollet dyr fra isen. Noen av oss flådde dyrene som var kommet om bord. Dette ble faktisk etter hvert beste fangstdagen vi hadde på hele turen, ca 350-400 dyr var kommet om bord da fangstdagen var over.



Jolling av dyr fra isen. Foto: Ishavsmuseets arkiv.

Om morgenen da vi var ferdige og få om bord dyrene husker jeg at vi var ganske kaputt, og det var sikkert 100 dyr igjen på dekk som skulle flåes. Da kom tåken sigende igjen akkurat like tykk som dagen i forveien.

Det ble en del kjefting etter frokosten om hvor vi skulle ha arbeidet, men det var ingen som hadde fortalt oss hvordan vi skulle gjøre det. Det var bare en av fangstmennene som hadde vært med på fangst i stredet før, og bare tre som i det hele tatt hadde vært på selfangst, og det gjerne bare en tur. De fleste var bare mellom 15 og 19 år.

Det ble fanget litt i rykk og napp, men det var helst om kvelden og natten dette vart noe av. Det var ikke så mye at begge vaktene trengte å være i arbeid.

En dag vi bauget is på leting etter selen, i regn og halvklart vær, fikk skipperen høre en SOS melding.

Han fikk skrevet ned posisjonen og fant ut at vi ikke var så veldig langt unna. Det var den Grønlanske selfangeren «Miki» som hadde forlist. Vi begynte og bauge oss mot posisjonen som var oppgitt, men det var stor og tung is og forsere så det gikk ikke så fort fremover.

Da vi hadde bauget noen timer fikk vi høre fra tønna at Bjarte trodde han så dem. De sto på isen og hadde fått berget redningsflåten som var skarp oransj og dermed relativt god å se. Da vi kom oss ennå nærmere så vi dem også snart fra styrhuset, men det gikk ennå en god stund før vi var fremme hos dem.

De var fem grønlendere og skipperen som var Dansk. Vi fikk etter hvert om bord både mannskap og redningsflåte, og innkvarterte dem så godt det lot seg gjøre om bord med oss. Det gikk nokså greit da vi hadde flere ledige køyler i lugarene forut, men vi hadde ikke så mye køyklær til dem. De fikk låne dynene til de som til en hver tid var på vakt med oss, så det gikk bra på et vis.

Grønlenderne vart også med på fangingen. De var noen ivrige karer. De sprettet opp dyrene så snart de kom om bord og skar ut leveren som de spiste mens den ennå var varm. Slik var de billige i kosten også.

Vi hadde disse skuteløse karene om bord med oss i 2-3 dager før «Kista Dan» kom og hentet både mannskapet og flåten vi berget dem i. For bergingen fikk vi tre kasser øl og to flasker akevitt. En flaske akevitt og en kasse øl vart



«Polaric». Foto Ishavsmuseets Arkiv.

delt mellom oss med det samme. Hvor resten ble av det vet jeg ikke.

En av de siste dagene vi fanget kom der telegram fra Brandal om at vi skulle ta vare på skrottene og gå til Angmagssalik med dem. Den samme ordren vart også sendt til «Polaric». Vi sprettet og kappet hode og baksveivene av dyra og spylte dem godt rene før vi lagret dem i en bingeforankring. Nå var vi ferdige med kvoten vår, jeg husker ikke om det var 1200 eller 1400 på hver skute, men vi hadde full kvote.

Vi begynte å gå mot Angmagssalik sammen med «Polaric». Det tok oss ca et døgn og bauge oss gjennom isen. Da vi begynte å nærme oss land var det bare åpent hav så det var bare å gå rett inn.

Vi kom inn på havna på ettermiddagen en gang, og den første som kom om bord til oss var en danske, en representant for Den Konglige Grønlanske Handel, som skulle se på kjøttet. Da han hadde studert skrottene gav han beskjed om at det ikke var aktuelt å ta imot dem. Det var jo ikke innmat i skrottene så dette


var helt uinteressant for dem. Vi hadde bare med å ta med oss skrottene igjen og dumpe dem.

«Polaric» derimot fikk levert hele lasten med skrotter for der var både hode og innmat intakt. De kom slepende med en gammel stygg lekter opp på siden av «Polaric» for å hente skrottene. «Polaric» lå for anker, og vi lå på den andre siden. Også vi måtte ha ut et av ankerene. Det var ikke bare enkelt, siden disse lå inne på dekket når vi gikk i is. Men til slutt fikk vi det ene ankeret over rekka.

Dansken fortalte da at de hadde bestilt kjøttet fordi «Miki» hadde forlist så de hadde ikke ferskt selkjøtt.

Jeg glemmer aldri de gamle illeluktende skrottene som ble losset fra «Polaric»!

Vi lå i Angmagssalik over natten. Vi skulle egentlig gå derfra kl. 24, men da var det dårlig oppmøte av mannskap, så vi ble liggende til ut på morgenens i 05 tiden. «Polaric» hadde ute en fangstbåt som gikk flittig til å fra land og begge skutene.



Skipper Bjarte Brandal på «Signalhorn». Foto: Ragnar Thorseth.

Så var det å dumpe skrottene, vaske av dekk og gjøre rent etter svineriet. Ikke den mest hyggelige jobben etter en natt i land.

Vi fikk noen timer fri frem mot middag da vi begynte og gjøre klart håkjerringslinene. Det vart en del spleising av kjensler og overhaling av linene for å se om det var skade på dem. Var det skade vart de kuttet og spleiset på nytt. Det var ikke alle som kunne spleise, men det gikk seg til etter hvert.

Da vi kom til Umevig var vi klar til å sette første stubben på 12 liner. Vi egned med spekk første stubben, siden var det kjøtt av håkjerring med en liten bit spekk ytterst på kroken.

Vi gjorde klart for å sette. Jeg hadde plass fremme på dekk for å kaste enden, ilene, og kveile linene. Alle hadde sine faste plasser, og vi var to som kveilet liner. En mann med rullen, 2. skytter sprettet, en skar agn av håkjerringskjøtt og bar på hekken anglene.

Anglene var festet på en meter lang kjetting, så en favn med linetau, så en karabinkrok som vart festet til et øye på lina. Det var solid vogn. Så var det to mann på hekken som egnet linene,

agnet var som sagt håkjerringskjøtt omrent på størrelse med en fiskepudding, og en bit spekk. Vi som kveilet liner måtte også kjøre vinsjen når det var fisk på kroken. Da sto spretteren klar med en svær krok som han huket ned i tykkeste ryggen på håkjerringa. Slik hivde vi den om bord. Spretteren åpnet den så vi kunne ta ut leveren og få den i stamper. Håkjerringa vart så kasta over rekka igjen. Spretteren skar ned i kjøttet rundt den store kroken så fisken datt av.

Linene stod i sjøen i tre timer. Da hadde vi stort sett fri til vi skulle begynne å drage igjen. Vi fisket bare med en stubbe, så det var i grunnen fine dager. Men når vi skulle ligge der å fiske håkjerring en hel måned etter at de fleste skutene hadde dratt hjem, ja, så vart det lange dager og det var lett å gå trett. Det var bare «Signalhorn» og «Polaric» som drev dette håkjerringsfiske dette året, som forresten vart siste året på fangst i Danskestredet.



Håkjerring i kroken. Her om bord i «Brandal» eit anna år. Foto Bjørn Berland.



«Signalhorn». Foto Arnodd Løe.

Det viste seg å ikke være så godt fiske her ved Umevig dette året. Fisken var liten og mager, men vi vart liggende her i 14 dager. Da var fisket så dårlig, bare noen få fisk per stubb, så vi avsluttet og gikk til Storfjorden.

Gud vet hvor, men der var overhodet ikke fisk, så der ble vi bare et par døgn. Nå var det Aputitek som sto for tur. Vi fikk bra med håkjerring her første dagen, men så minket det av der også.

Vi hørte «Polaric» fisket godt ved Storebanken, men vi vart liggende å fiske på noen få likevel. Jeg spurte skipperen hvorfor ikke vi gikk på banken å fisket. Da svarte han at det var så lite vitaminer i leveren på banken at prisen vart lik for oss som fisket lite fisk med god kvalitet og «Polaric» som fisket mye med dårligere kvalitet.

Det begynte etter hvert å mangle på forsyninger av alle slag så det vart bestemt noe senere at vi skulle gå på banken vi også.

Det var bare en tank bunkers igjen i rommet og den skulle vi nå pumpe bak i maskinrommet på vei ut av isen, slik at vi hadde tanker klare til vi kom på banken.

Vi kunne ikke blande leveren som vi alt hadde fisket, men vi hadde to tanker igjen til å fylle leveren på.

Vi bygget opp en bingeforan kaisingen som vi kunne lagre lever i. Slik kunne vi fiske mest mulig når det var fint vær, for så å gå inn under iskanten og fylle leveren på tanker om været vart dårligere.

Linene var egnet og klare da vi kom frem til Storebanken, så de gikk ut med det samme.

Det vart full klaff fra første krok. Stor håkjerring som var full av lever. Det var så fint vær at vi fikk styrtet de direkte på tankene.

Dessverre frisknet det snart på med vær og tåke, så da vi satte og dro inn andre stubben måtte vi ha leveren i bingen. Det var så mye håkjerring og lever at bingen vart på det nærmeste full. Ganske snart måtte vi dermed inn under iskanten for å få leveren i tankene. Vi dro linene to ganger til så var det helt fullt med oss. Dere kan tro det var en glad gjeng om bord i «Signalhorn» når siste biten av lever var nede og mannlokket vart lagt på.

«Polaric» lå nå et par dager etter oss, de hadde nemlig fått ordre om å ta håkjerringsskrotter og leverer på Island.

Mannskapet på turen var:

Skipper	Bjarte Brandal,
1.skytter	Johan B.J. Brandal,
2.skytter	Mindor Gudmundseth
Maskinist	Arvid Aschehaug,
Assistent	Ragnar Johnsen,
Smører	Einar E. Myklebust,
Stuert	Per Espenakk,
Fangstmann	Birger Ville,
Fangstmann	Trygve Holm,
Fangstmann	Anders Holen,
Fangstmann	Torgeir Raksvåg,
Fangstmann	Johan Petter Brandal,
Fangstmann	Harald Birkhol,
Fangstmann	Jarle Birkhol,

Polarbjørn, gromskuta blant selfangerne.

New Foundland
kan bli et
framtidfelt for
norsk selfangst.
Men store og kraftigere skuter må til.

(Frå Sunnmørsposten mai 1947, Ishavsmuseets arkiv).



Vi prater selfangst, spekkfingre og «de' va'kje nokke å snakke om», med skipper Henrik Marø.


Er det virkelig folk nede i dette hullet?

Vi stilte hverandre dette spørsmålet, vi fire karene fra byen, som forleden dag entret om bord på «Polarbjørn», mens den lå til kai på Brandal og leverte rekordfangsten sin på 9100 selskinn fra New Foundlandsfeltet.

Det var så trangt at det var vanskelig å komme seg ned, og ennå verre måtte det være å arbeide der nede, for ikke å snakke om luft og pust. Jo, det rørte virkelig på seg langt nede. Så snart en fikk venne seg til det såkalte egyptiske mørket langt nede i skipets indre, kunne en tydelig se en lyslugget ungdom bevege seg nede i tanken.

Han «tredde» selskinn på en krok og en annen halte dem opp på dekk. Herfra ble fire – fem skinn i slengen – glatte, sleipe og umedgjørlige – heist videre opp på sjøbua, hvor 14-15 mann lot kniven gli gjennom saftig og silkebløtt spekk.

Det var vante karer, det skulle ikke mange grep med kniven til, før skinnet var spekket ferdig og klart for salting. De hadde handlaget i orden karene, og var ikke redde for å kline seg til. Fettet glinset både på klær og hender og i – ansiktet. Gulvet skal vi ikke snakke om. Men vi



Skipper Henrik Marø 1915-1997. Foto: Ishavsmuseets arkiv.

holdt oss på beina alle sammen, så vidt det var. Vanskeligst var det i trappen.

«Polarbjørn» - gromskuta blant selfangerne

«Polarbjørn» er blant selfangstskutene som bjøllekuia blant bølingen. Ikke slik å forstå at de andre skutene følger etter den, det klarer de ikke, men den er da «gromskuta» lell. Det er landets største og sikkert også den best utstyrt ishavsskute vi har. Salongen står ikke mye tilbake fra hurtigrutenes.

Med sin dyktige skipper, Kristoffer Marø, på brua, har den utført bragder som det går gjetord om. Den har kjempet tappert mot naturens jettekrefter, mot is, sjø og storm. Mange farlige situasjoner har den vært borte i, nervepirrende og spennende øyeblikk, da den minste feilvurdering av situasjonen fra skipperens side, kunne fått skjebnesvangre følger for båt og mannskap.

